



Sunnhordland interkommunale legevakt

PROTOKOLL FRÅ MØTE I REPRESENTANTSKAPET 24.09.2024

Tid/stad: Legevaktbygget, klokka 09 30- 11 30

Deltakere:

Nestleiar Anne Økland

OrdførarFitjar Wenche Tislevoll

Ordførar Bømlo Morten Helland

Ordførar Stord Sigbjørn Framnes

Daglig leder Agata Barbara Kapuscinska

Protokollfører: Agata Barbara Kapuscinska

Saksliste:

Sak 06/24: Godkjenning av sakliste

Vedtak: Sakslista blei godkjend utan merknadar.

Sak 07/24: Godkjenning av protokoll frå møte 11.06.2024

Vedtak: Protokoll blei godkjend utan merknadar og signert.

Sak 08/24: Informasjon frå dagleg leiar

Dagleg leiar informerte om aktivitet på legevakta i sommar.

Ferieavvikling har gått bra. Vakante stillingar på legevakta måtte dekkast med sjukepleiarar med legevakts kompetanse frå vikarbyrå. Fagforbundet og NSF sine særavtale måtte brukas grunna dekning av kompetanse og ha kjente folk på jobb. Vi har brukt også kjente faste vikarar på legevakta i år. Mange fastlegar i legevaktteneste har hatt fellesferie (Dagleg leiar har ikkje mynde å påverke ferieavvikling på fastlegar). Det er derfor måtte brukas lege frå vikarbyrå for å dekke vakter.

Det er fortsatt auke i tal henvendingar til legevakta og det merkast med auke i timar overtid både på vaktlege og sjukepleiar. Travle helger og oftare bruk av aktive timer på bakvakt. Vakante deltidstillingar på legevakta (3 x 20% helgestilling sjukepleiar utgjør store kostnader for å dekke ledige helgevakter).

På IDA var godt brukt både ØH og OBS senger. På grunn av vakante stillingar og fråvær måtte det brukas 2 sjukepleiarar frå vikarbyrå for å dekke minimumsbemanning på avdeling gjennom sommar. Fråværet pga ferieavvikling av avdelingsoverlege var dekket med vikar spesialist.

Frå 10.09.2024 har avdelingsoverlege sagt opp stillinga si, med verknad frå og med 01.01.2025, då han er frå denne dato er pensjonist. Denne stillinga vert lyst ut i høst.

Vedtak: Representantskapet tek orienteringa til vitande

Sak 09/24: Revidert budsjett 2024

Sunnhordland interkommunale Legevakt IKS har per 31.08.2024 eit meirforbruk på ca. kr 3,3 mill.

Meirforbruk er i hovudsak personalkostnader knytt til vakanse, sjukdom og innleige av vikarar, samt lønsoppgjer for legar i vakt. Av driftskostnader så er skyreise Infodoc ein naudsynt, men ekstraordinær kostnad.

Prognosen syner trong for å styrka budsjettet med 5,1 mill.

Styret syner til resultat 2. tertial 2024 med meirforbruk og estimert prognose for året på 5,1 mill. kr.

Styret ser det som naudsynt å styrke budsjett 2024 i høve prognose, og ber om at dette vert innarbeidd i revidert budsjett for 2024 av eigarkommunane.

Styrking budsjett 2024 utgjer per kommune inntil:

Kommune	Fastdel 5%	Innbyggjartal pr 30.06.2024	Eigar og ansvarsdel i %	Andel i kr	Sum fast og variabel
Bømlo	85 209	12 301	35,33	1 715 822	1 801 031
Stord	85 209	19 336	55,53	2 697 109	2 782 318
Fitjar	85 209	3 183	9,14	443 985	529 194
sum	255 627	34 820	100,00	4 856 917	5 112 544

Vedtak:

Representantskapet godkjenner revidert budsjett 2024 . Underskotet pålydande kroner 5,1 mill. blir dekket av eigarkommunane etter forholdstal.

Kommune	Fastdel 5%	Innbyggjartal pr 30.06.2024	Eigar og ansvarsdel i %	Andel i kr	Sum fast og variabel
Bømlo	85 209	12 301	35,33	1 715 822	1 801 031
Stord	85 209	19 336	55,53	2 697 109	2 782 318
Fitjar	85 209	3 183	9,14	443 985	529 194
sum	255 627	34 820	100,00	4 856 917	5 112 544

Sak 10/24 Budsjett 2025

Viser til vedlagt budsjettforslag for 2025

Til grunn for budsjettforslaget ligg:

Revidert budsjett for 2024 justert for lønsoppgjær 2024 Kap 4, justering av driftspostar i takt med avtaler og KS prognose - kommunal deflator på 4,1%.

Pensjon (premieavvik, bruk av premiefond og pensjonssats) er ikkje justert. Ny prognose blir lagt ut medio september.

Lønsavsetjing er justert med KS prognose 4,6% på alle. Estimat er usikkert fordi grunnlag frå 2024 er ikkje ferdig forhandla. Det gjelder forhandling KAP5, E342 og legar. Lønsforhandlingar legar startar i oktober 2024.

Utkast budsjett 2025 utgjer per kommune::

Teneste	Tekst	oppb Budsjett 2024	rev Budsjett 2024	rev Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Bømlo	-15 040 858	-15 841 816	-16 841 136	-17 812 114
	Fitjar	-4 459 209	-4 696 673	-4 948 405	-5 233 706
	Stord	-23 193 913	-24 429 040	-26 016 983	-27 516 994
17800	Kommunetilskot	-42 693 980	-44 967 529	-47 806 524	-50 562 814
			-2 273 549	-5 112 544	-2 756 290

Vedtak:

Budsjett for 2025 og økonomiplan for 2025-2028 vart vedtatt i samsvar med innstillinga frå styret.

Teneste	Tekst	oppb Budsjett 2024	rev Budsjett 2024	rev Budsjett 2024	Budsjett 2025
	Bømlo	-15 040 858	-15 841 816	-16 841 136	-17 812 114
	Fitjar	-4 459 209	-4 696 673	-4 948 405	-5 233 706
	Stord	-23 193 913	-24 429 040	-26 016 983	-27 516 994
17800	Kommunetilskot	-42 693 980	-44 967 529	-47 806 524	-50 562 814
			-2 273 549	-5 112 544	-2 756 290

Merknader til vedtaket:

Representantskapet ber om at styret tek ein gjennomgang av korleis Sunnhordland Interkommunale Legevakt kan få ned driftskostnadane i selskapet. Der målet er å redusera driftskostnader, samt planlegga for å møte ei forventta utvikling knytt til stram kommuneøkonomi, rekrutteringsvanskar og demografiske utfordringar med fleire som treng helsehjelp og færre til å løysa oppgåvene.

Representantskapet ber styret om at dette arbeidet vert gjennomført innan våren 2025, og rapportert tilbake til representantskapet i mai/juni møtet.

Sak 11/24 Eventuelt

Selskapet har ei likviditetsutfordring og det er naudsynt at ein ser på rutine for meir fleksibilitet til tidspunkt for innbetaling av driftstilskotet frå eigarkommunane jamfør selskapsavtalen § 6. Endring i selskapsavtalen må takast opp i kommunestyret for eigarkommunane.

Forslag til vedtak:

Representantskapet ber styret utarbeide ei politisk sak til kommunestyret i eigarkommunane med endringsforslag til gjennomføring av innbetaling av driftstilskotet jf. § 6 i selskapsavtalen for Sunnhordland Interkommunale Legevakt, IKS.

Det vart ytra ynskje frå representantskapet at dei ville ha med seg kvarsine representantar frå administrasjonen for å få ein felles forståing for drifta i selskapet ved neste møte

Mvh


Sigbjørn Framnes

Leiar i styret


Agata Barbara Kapuscinska

Daglig leiar



**Sunnhordland
interkommunale legevakt**